

Asplan Viak AS
Enenvegen 2a
6416 Molde

13.06.2024

Henning.myrland@asplanviak.no

Innspel – Varsel om oppstart detaljregulering Fannefjord høgdebasseng

Vi viser til kunngjering om oppstart av planarbeid datert 14.05.2024.

Asplan Viak AS er plankonsulent for planforslaget og Molde vann og avløp KF er forslagsstillar/eigar av tiltaket.

Tiltaket skal ivareta og betra leveringssikkerheten for drikke- og slukkevatn i Hjelsetområdet knytt til nytt sjukehus og øvrig utbygging i området. Bassenga skal også kunne vera muleg reservevatn for sentrumsområdet i Molde.

Valg av lokalisering og konsekvensar

- Det er vurdert 5 ulike lokaliseringar/alternativ. 2 av desse er blitt vurdert som aktuelle. Det valde alternativet (alternativ 1, som er rimelegast av alle) blir vurdert som 30% rimelegare enn det andre aktuelle alternativet (alternativ 4).
- Det er gjennomført vurdering av konfliktpotensialet v/Asplan Viak AS, der alternativ 1 og 4 er samanlikna. Vurderinga konkluderer med at alternativ 4 er klart å foretrekka. Likevel har Molde vann og avløp KF vald alternativ 1.
- Planområdet for det valde alternativet (alternativ 1) omfattar ca 12 daa dyrka jord.
- Vi saknar betre grunngjeving for kvifor det ikkje er foretatt konsekvensutgreiing. Med henvisning til konsekvensutredningsforskrifta §10 meiner vi det bør gjennomførast konsekvensutgreiing for tiltaket. Rapporten *Høydebasseng på Hjelset – vurdering av konfliktpotensial i planprosess* erstattar til ein viss grad ei full konsekvensutgreiing.
- Slik Molde vann og avløp sitt vedtak av 22.4.2024 er grunngjeve kunne ein like gjerne ha vald alternativ 4 og på denne måten spart 12 daa god matjord.
- Vi kan ikkje sjå at Molde vann og avløp i sitt valg av alternativ har foretatt ei heilskapleg vurdering verken av arealsituasjonen eller av totalkostnader med tiltaket. Noverande eigar av

alternativ 1 har nyleg bygd ny ammekufjøs og endra og tilpassa drifta til ny E39 som går gjennom området. Arealtapet som vannbehandlingsanlegget vil utgjera medfører at grunnlaget for drifta av ammekufløset vert vesentleg forringa. I kostnadsvurderinga av dei ulike alternativa er det ikkje tatt med kostnader med grunnerverv/ekspropriasjon som som må gjennomførast dersom alternativ 1 skal realiserast. Dette medfører at alternativ 1 heller ikkje vil bli det rimelegaste alternativet.

Vår vurdering

Eit høgdebasseng er ein samfunnskritisk funksjon som skal vera prioritert i samfunnsplanlegginga. Dette gjeld imidlertid også omsynet til jordvern. I så måte må vi visa til brev til alle folkevalde i kommunar og fylkeskommunar samt statsforvaltarane frå landbruks- og matminister Geir Pollestad og kommunal- og distriktsminister Erling Sande av 22.1.2024:

I arealplanlegginga skal mange omsyn vegast mot kvarandre. Vi vil be kommunane vurdere nøye om det er viktige samfunnsomsyn som ligg til grunn når ein går inn for å omdisponera matjord til utbygging, og om ein har vurdert andre alternativ.

I dette tilfellet er det vurdert andre alternativ, men vi kan ikkje sjå at det i vedtaket til Molde vann og avløp KF om valg av alternativ på nokon som helst måte er tatt omsyn verken til føringane frå nevnte statsrådar i brev av 22.1.2024, til konklusjonen i Asplan Viak sin rapport av 19.04.2024 om konfliktpotensial i planprosessen eller til totalkostnadane med realisering av alternativ 1.

Vi meiner difor at planprosessen for alternativ 1 må stoppast snarast muleg.

Planprosessen må i staden vidareførast med alternativ 4.

Grunnlag for vår vurdering

I tillegg til nevnte brev frå statsrådane av 22.1.2024 og Asplan Viak sin rapport av 19.04.24 vil vi her kort nevna ein del andre forhold og føringar som ligg til grunn for vår vurdering:

- Ny fylkesstrategi for landbruk og jordvern mål for Møre og Romsdal, som legg opp til ei halvering av omdisponert areal i fylket.
- Bærekraftsmåla, der det blir lagt opp til at bærekraft skal leggjast til grunn i all offentleg planlegging.
- Naturavtalen, som skal bidra til å hindra meir nedbygging av produktivt areal.
- Prinsippet om arealnøytralitet, som skjerpar krav til meir effektiv bruk av areal.
- Hurdalsplattformen, der det heiter at jordvern skal vera eit overordna omsyn i arealplanlegginga.
- Klimaavtalen, ein bindande avtale om årleg reduksjon i utslepp av klimagassar.
- Nasjonal jordvernstrategi, som er blitt skjerpa for 3. gong på få år og som klart seier at omdisponert areal skal ytterlegare reduserast.

Med helsing

Leif Inge Grebstad
Nestleiar

Atle Frantzen
Sekretær/styremedlem

